

## Faktor 10: Nytteorientert motivasjon

Motivasjon for å gjera noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon, er ein viktig drivkraft for mange og har ein rekkje godt dokumenterte, positive effektar. Det kan dreie seg om å hjelpe kollegaer til å gjera ein god jobb eller levere viktige tenester til andre, til dømes gode minner til barnehagebarn, god læring til elevar, god pleie til pleietrengande eller viktig informasjon og utstyr.



Illustrasjon: Pia Olsen

Nytteorientert motivasjon har stor verdi for indre motivasjon og viljen til å vera fleksibel, og kan styrkast gjennom auka meistringstru og eit godt meistringsklima.

Eit viktig verkemedel for å stimulera til auka nytteorientert motivasjon, er bevisstgjerjing og synleggjering av den konkrete nytta og tydinga av kva kvar ein skilde medarbeidar gjer.

Døme på påstand i undersøkinga (måleindikator):

«Det er viktig for meg å kunne jobbe med noko som er til nytte for andre»

### Påstandar til refleksjon for leiar og medarbeidar:

God leiing – kva vil du forsterke?		Godt medarbeidarskap – kva vil du forsterke?	
1.	Eg skal vera ein god rollemodell og vise korleis det å hjelpe andre bode kan vera ein kjelde til motivasjon og vera ein viktig måte å lykkast på sjølv.	1.	Eg skal hjelpe andre når eg ser at dette er nyttig for dei
2.	Eg skildrar ofte nytta og verdien det har at ein medarbeidar hjelper en anna.	2.	Eg skal finne ein god balanse mellom å hjelpe andre og ivareta min egen jobb.
3.	Eg kommuniserer at det viktigaste er å hjelpe andre med noko som verkeleg er nyttig for dei.	3.	Eg skal ikkje berre vera flink til å hjelpe andre, men eg skal også vera flink til å be om hjelp tilbake.
4.	Eg viser gjennom mi leiing at det både går an å hjelpe andre i stor grad, og andre gonger vera utilgjengeleg for å sikre at ein får gjort sin eigen jobb godt.	4.	Eg ser at jobben eg gjer er viktig for brukarane og nyttar dette som ein drivkraft i arbeidet mitt.
5.	Eg kommuniserer at ein ikkje berre må vera flink til å hjelpe andre, men også vera flink til å be om hjelp sjølv når ein treng det.		